


# Sprog i Norden

**Titel:** Språkpolitikk i Norden med filosofiens briller

**Forfatter:** Gunnar Skirbekk

**Kilde:** Sprog i Norden, 2006, s. 87-105

**URL:** <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/sin/issue/archive>



© Forfatterne og Netværket for sprognavnene i Norden

## Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

## Søgbarhed

Artiklerne i de ældre numre af Sprog i Norden (1970-2004) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.



# SPRÅKPOLITIKK I NORDEN MED FILOSOFIENS BRILLER

Av Gunnar Skirbekk

*Dette innlegget er strukturert på denne måten: Først tar eg opp visse problemstillingar omkring demokrati og språklege rettar og dermed om vilkår for å kunne vere ein autonom person i moderne demokratiske samfunn (1). På denne bakgrunnen kommenterer eg språkpolitiske spørsmål ut frå spørsmålet om rett til demokratisk kommunikasjonspråk, her i form av nasjonalspråk, om rett til internasjonalt språk (in casu engelsk), og om rett til morsmål, som hevdvunne minoritetsspråk og som innvandrarsspråk (2). Deretter har eg allmenne merknader til den nordiske situasjonen (3). Så følgjer nokre merknader til aktuelle problemstillingar ved den norske situasjonen (4). Og til slutt lanserer eg eit forslag til ein meir offensiv nordisk språkpolitikk i forhold til EU (5).*

Temaet for det nordiske språkmøtet 2005 er språkpolitikk i Norden, og eg fekk i oppgåve å kommentere innlegga på møtet. Det første som slår meg, er at deltakarane i stor utstrekning er språkforskarar, samtidig som temaet *språkpolitikk*, med fokus på språklege *rettar i moderne nordiske samfunn*, ikkje berre reiser språkvitskaplege problemstillingar, men også *normative* og *samfunnsvitskaplege*. Kort sagt, eit slikt tema krev ein tverrfagleg kompetanse, som også omfattar kompetanse i normative problemstillingar om rettar og plikter i moderne samfunn.

Dette betyr at kvar og ein må kjenne grensene for sin eigen kompetanse og vere open for sakleg dialog med andre, i håp om at vi i fellesskap skal kunne få eit betre grep på tematikken. Dermed bør eg straks signalisere kor eg sjølv står i dette landskapet: Eg har lang fartstid som professor i vitskapsfilosofi ved Universitetet i Bergen, der arbeidsoppgåvene mellom anna omfattar prosjektbasert samarbeid med doktorandar og kollegaer ved dei ulike fakultet. I yrkes medfør har eg også arbeidd med grunnlagsproblem i politisk filosofi og moderniseringsteori. I den samanhengen har eg hatt eit nært samarbeid med kollegaer i Shanghai dei siste 10-15 år om eit forskingsprosjekt for samanliknande studiar i kulturell modernisering i Aust-Asia og Europa, under namnet "Marco

Polo". Utfyllande informasjon kan ein få ved å gå til heimesidene <http://www.uib.no/People/hsvgs>

## Demokrati og språklege rettar

Utfordringane for dei nordiske språksamfunna blir gjerne omtala ut frå stikkordet *globalisering*, ei problemstilling med fokus på engelskens dominerande stilling og på møtet med eit *mangfald av innvandrarspråk*, men også på framveksten av *ny teknologi*, også ny språkteknologi, og dermed på dei *krav til verbale ferdigheiter* som globaliseringa fører med seg. Det normative grunnlaget blir gjerne omtala ut frå stikkordet demokrati, med vekt på den enkelte statsborgars *rett* til felles kommunikasjonsspråk, *rett* til morsmål, og *rett* til (to) framandspråk, der begrepet rett blir forstått som rett til *statleg (offentleg) støtte*.

Til termen "globalisering": Også i denne konteksten, som gjeld nordisk språkpolitikk, vil eg heller ta utgangspunkt i dei meir omfattande moderniseringsteoriane i tradisjonen frå Weber til Habermas enn i den snevrare samfunnsforståinga som gjerne blir assosiert med termen globalisering, som primært har fokus på teknologiutvikling og marknadsøkonomi. Dagens kulturelle og politiske utfordringar, som også er viktige for dei språkpolitiske problemstillingane, kjem betre til syne i lys av slike moderniseringsteoriar enn ved dei meir begrepsfattige teoriane om "globalisering".

Til termen "demokrati": Eg vil ta utgangspunkt i termen demokrati, ettersom det i innlegga og sakspapira ofte blir vist til demokratiet som normativt grunnlag for retten til språk, anten det er morsmål, nasjonalspråk eller det internasjonale *lingua franca*. Det som då umiddelbart slår ein, er at ei slik normativ grunngeving av dei språklege rettane blir tvitydig, fordi ordet "demokrati" er tvitydig. Ordet blir jo bruk i ulike tydingar. (Etter siste verdskrig fekk semantikaren Arne Næss i oppdrag av UNESCO å avklare dei mange bruksmåtane av ordet, og lista vart lang.) I vår samanheng er det særleg viktig at forholdet mellom demokrati og rettsstat er tvitydig: Vi kan ha rettsstatar som ikkje er demokrati (slik som det dansk-norske monarki på slutten av 1700-talet) og demokrati som ikkje er rettsstatar (av typen folkekommune). Eller, sagt på denne måten: dersom demokrati blir forstått som "fleirtalsstyre ut frå val med allmenn røysterett", får vi straks spørsmål om kva mindretalet kan vente seg: Kva for rettar har mindretalet dersom "fleirtalet har rett"? Ei normativ sikring av mindretalsrettar kan derfor ikkje hentast ut av begrepet om demokrati som fleirtalsstyre.

Forholdet mellom demokrati og rettsstat er derfor gjenstand for omfattande diskusjon innanfor normativ politisk teori: I moderne pluralistiske samfunn er det problematisk å appellere til ei bestemt teologisk eller metafysisk oppfatning som det normative rettsgrunnlaget. Eitt velkjent forsøk på ei grunngeving av ein normativ rettsteori i pluralistiske samfunn skriv seg frå John Rawls. Eit nærskyldt forsøk på å knyte saman demokrati og universelt forpliktande rettar finn vi hos Jürgen Habermas (t.d. i *Faktizität und Geltung* 1992). Her står begrepet om deliberativt demokrati sentralt – eit begrep som framhevar offentleg meiningsdanning ved myndige personar som eit grunnvilkår for demokratiet, samtidig som ein slik offentleg fornuftsbruk krev respekt for dei betre argumenta og for den andre som diskusjonsdeltakar; og på dette grunnlag kan det igjen argumenterast for ukrenkelege rettar (også overfor eit demokratisk valt fleirtal).

Følgjer vi denne tankegangen, er det avgjerande for demokratiet at vi har open og opplyst meiningsutveksling og meiningsdanning blant personar som er myndige (autonome) i den forstand at dei har tileigna seg den danning og utdanning som trengst for å kunne delta i slike diskusjonar. Dette inneber at slike personar har tileigna seg ein moderne identitet i den forstand at dei har eit refleksivt forhold til eigne standpunkt: Dei maktar å sjå sin eigen posisjon og tradisjon frå den andres synsstad.

Demokrati krev i denne forstand autonomi og opplysning (*Mündigkeit* og *Aufklärung* – for å tale i kantianske termar). Det å meistre eit felles språk og felles kodar og normer inngår i dette begrepet om ein autonom person. Men ein slik personleg autonomi er ei sårbar affære, som krev eigeninnsats så vel som tilrettelegging av ymse slag, og dét både for at ein tilstrekkeleg grad av autonomi skal kunne etablerast og kunne vedlikehaldast. Derfor er personleg autonomi ei stadig oppgåve og ikkje eit statisk faktum. Og det er eit graduelt begrep, med meir-eller-mindre og ikkje alt-eller-ingenting.

Det vi her har sagt, har implikasjonar for rettsproblematikken. I utgangspunktet kan vi tale om tre slags rettar i denne samanhengen:

- (i) juridisk rett som statsborgar, med personnummer og pass, altså rett til likebehandling ut frå lovverket,
- (ii) sosial rett som statsborgar, med rett til offentlege velferdsordningar,
- (iii) politisk rett til å ta aktivt del i det politiske ordsiftet og det politiske sjonersarbeidet.

Desse rettane har ulik status for så vidt som den første og andre kan tilskrivast alle menneske som medlemmer av *homo sapiens*, medan den tredje berre kjem på tale for personar som i tilstrekkeleg grad er myndige og opplyste – dei som i tilstrekkeleg grad

meistrar det språket og dei kodane som det politiske ordskiftet og organisasjonsarbeidet skjer innanfor, og som i tilstrekkeleg grad kjenner dei institusjonelle og samfunnsmessige rammevilkåra. Samtidig er det ein skilnad mellom den første og den andre ved at den andre er avhengig av økonomiske ressursar på ein annan måte enn den første. Men det viktige poenget i vår samanheng er påminninga om at den politiske retten til å delta i eit deliberativt demokrati ikkje er noko som kan tilskrivast eit individ ved eit politisk eller juridisk vedtak, dersom dei det gjeld ikkje har tileigna seg den nødvendige grad av språklege og kulturelle ferdigheiter, dvs. av personleg autonomi. Det er ikkje her er tale om å "stille krav", frå utsida så å seie; det er tale om å påpeike vilkår som er nødvendige for at ein person skal kunne fungere som ein sjølvstendig aktør i eit deliberativt demokrati.

Det er samtidig på sin plass å minne om at slik autonomi kan krenkjast og reduserast på forskjellig vis. Eit velkjent eksempel er den behandlinga som den store diktar og fascist Knut Hamsun var gjenstand for i rettsoppgjeret etter siste verdskrig: I staden for å dømme Hamsun, som ein myndig og ansvarleg person vart det i psykiatriens namn erklært at han hadde varig svekte sjelsevner. Ein valde å årsaksforklare handlingar og holdningar. Dermed framstod Hamsun som strafferettsleg umyndiggjord. Men nettopp dette var eit åtak på Hamsun som menneske, på hans menneskeverd som autonom person – og nettopp derfor reagerte Hamsun, forståeleg nok, med harme og hatske tilsvaer.

Det interessante er no at den slags årsaksforklaringar etter kvart har gripi om seg i samfunnet, i takt med utviklinga av sosialpolitisk ekspertise og tilsvarende tankemønster: Dei som på ulike måtar fell utanfor i samfunnet, blir hjelpetrengande, og dermed blir dei lett til klientar som vi årsaksforklarer og unnskylder. No er dette eit reelt dilemma: Når bør vi forklare og unnskyld, og når bør vi stille personar til ansvar og moralisere eller dømme? Kor har vi, i det enkelte tilfellet, den rette balansen mellom det terapeutiske og det moralistiske samfunn? Dette dilemmaet må vi nok leve med, men det er då avgjerande at vi er medvitne om dilemmaet, og at vi innser at velvillig årsaksforklaring og ansvarsfråskrivning samtidig inneber ein reduksjon av menneskeverdet – den personen det gjeld, er ikkje lenger ein autonom person, men eit sosialt kasus. Når slike ansvarsfråskrivande holdningar dessutan blir internaliserte hos dei det går ut over, får vi eit klientisert samfunn der mange på sviaktande grunnlag oppfattar seg sjølve som offer for ytre faktorar og ikkje som aktør i eige liv.

Problemet med denne typen klientisering er velkjent frå velferdsordningane i dei nordiske land. Faren er no at vi reproduserer denne paternalistiske klientiseringa også når det gjeld ressursssvake innvandrargrupper: Vi vil jo helst ikkje stille krav til dei vi opp-

fattar som "svake grupper". Dessutan skal vi respektere den andre og den andres kultur og oppfatningar, og ikkje krevje at alle skal bli som oss. Men dei vilkår som må oppfyllest for at ein person skal kunne vere og fungere som ein autonom person i eit moderne samfunn med deliberativt demokrati, er ikkje tilfeldige krav som blir stilte frå utsida, men nødvendige vilkår for i det heile å kunne vere ein autonom person i moderne samfunn av dette slaget. Men det som slik er vilkår for personleg autonomi, blir av og til misforstått som om det skulle vere utvendige og urimelege krav, og dermed som noko som representerer ein type tvang.

Dermed er det fare for at vi i naiv godvilje overfor store innvandrargrupper reproduserer dei same klientiserande og autonomi-fråskrivande holdningane som vi også er ansvarleg for når det gjeld ressursvake og hjelpetrengande personar i velferdsstatlege ordningar – og som vi i si tid påførte fascisten Hamsun, og som han med rette opplevde som ei straff langt verre enn rettens dom.

Det vi positivt kan trekke ut av dette, er at alle personar i moderne deliberative demokrati bør ha rett til full opplæring i det språket som blir brukt i det offentlege rom og i politisk arbeid i det samfunnet der vedkommande bur og høyrer til. Berre slik kan eit menneske bli ein autonom person med tanke på å vere deltakar i eit moderne demokratisk samfunn og med tanke på å meistre sitt eige liv i slike samfunn. Men sjølv sagt må implementeringa av dette poenget skje i humane former som tar omsyn til individuelle føresetnader.

## **Rett til morsmål**

Av det vi no har sagt, følgjer det at autonome personar i moderne demokratiske samfunn har rett til å lære det fellesspråket som blir brukt i den offentlege meiningsdanninga og det politiske arbeidet i det samfunnet der dei er statsborgarar. Alle har ein rett til dette fordi det å meistre dette språket er eit vilkår for å kunne vere ein autonom person i dette samfunnet. I dei nordiske land inneber dette ein rett til å lære nasjonalspråket, eventuelt nasjonalspråka.

Men for å kunne vere ein autonom person i eit moderne samfunn må ein samtidig i rimeleg grad lære å meistre kodane og institusjonane i slike samfunn. Tre generelle poeng bør nemnast i den samanhengen:

- (i) Ein må i rimeleg grad tileigne seg ein refleksiv identitet, i den forstand at ein maktar å sjå sin eigen posisjon ut frå andres posisjon. Utan denne refleksive evna blir den offentlege meiningsdanninga i det deliberative demokrati umogleg.

- (ii) Ein må i rimeleg grad erkjenne at vitenskapleg forskning er avgjerande for sannings- spørsmål av ulike slag, frå spørsmålet om årsakssamanhengar i naturen til spørsmålet om tolking av tekstar – og grunnen er den same som den nyss nemnde.
- (iii) Endeleg må ein i rimeleg grad anerkjenne dei moderne institusjonelle differensieringane, t.d. den mellom rettssystem og teologi – for berre slik kan dei pluralistiske samfunn fungere under felles lov og rett.

Kort sagt, når det gjeld desse grunntrekka ved moderne samfunn, er det ikkje plass for førmoderne holdningar og handlingsmønster. Respekt for den andre har derfor to nivå – den menneskelege respekt for den andre slik den andre faktisk er, og respekt for den andre som den autonome personen den andre (liksom ein sjølv) kan og bør vere. Begge former for respekt trengst. Berre den sistnemnde ville innebære eit urimeleg stiv-sinn, og berre den første ville innebære eit hinder for moralsk og sivilisatorisk utvikling.

Ein slik rett frå det offentlege si side, går saman med ei plikt for dei individ det gjeld – ei plikt til eigeninnsats for å tileigne seg dei språklege og sivilisatoriske ferdighetene som er nemnde. Dette samspelet mellom rett og plikt blir t.d. avspegla i det forhold at moderne demokratiske samfunn er avhengige av god allmenndanning, slik at det offentlege pliktar å halde oppe eit godt offentlege utdanningssystem, samtidig som det i moderne demokratiske samfunn er allmenn skuleplikt.

Det vi har sagt så langt, gjeld for moderne demokratiske samfunn generelt. Men kvart samfunn, også moderne demokratiske samfunn, har sine særdrag ut frå særeigne historiske erfaringar og særeigne materielle vilkår og institusjonelle ordningar. For å kunne ta del i den offentlege meiningsdanninga og det politiske arbeidet i eit bestemt samfunn må ein derfor i rimeleg grad også kjenne til dei særeigne institusjonane og lovene som gjeld i dette samfunnet, og også dei særeigne historiske erfaringane og kulturelle kodane som er rådande. Modernitetsteoretisk er dette kontingente faktorar, men for det enkelte samfunn er dette faktorar som det er nødvendig å kjenne til for å forstå "kor ein er" og kva som skjer rundt ein, og for slik å kunne forhalde seg aktivt, eventuelt kritisk, til desse rammevilkåra for eins eigen livssituasjon i dette samfunnet. Dette inneber at retten til å meistre fellesspråket ikkje berre går saman med ein rett til å meistre grunnleggande moderne kodar og institusjonar, men også til å meistre dei spesielle kodane og institusjonane i det spesielle moderne demokrati der ein lever.

Igjen er det slik at rett til språk heng saman med rett til autonomi i eit samfunn. Utan ein rimeleg grad av autonomi står vi igjen med eit tynt rettsbegrep (som i prinsippet også kunne tilskrivast andre biokroppslige skapningar enn mennesket, jf. dei to førstnemnde rettane ovanfor). Men med ein rimeleg grad av autonomi har vi eit rettsbegrep

som saman med retten til fellesspråk også omfattar retten til å meistre moderne livsvilkår, også dei spesielle livsvilkår som gjeld for det aktuelle samfunnet.

No er det slik at engelskens dominerande stilling *de facto* gjer det vanskeleg å fungere som ein autonom person i våre samfunn utan å meistre engelsk. Det gjeld ikkje berre i mange yrkessamanhengar (og for mange fritidsaktivitetar, inklusive reiseverksemd), men også med tanke på ei nødvendig oppdatering for å kunne vere med i den offentlege meiningsutvekslinga og meiningsdanninga. I så måte gir det god meining å tale om ein rett til å lære engelsk som vår tids *lingua franca*. Og igjen er det slik at "rett" her betyr "rett til statleg/offentleg støtte", følgd opp med ei tilsvarende plikt overfor den enkelte om å prøve å lære dette språket som best ein kan (slik det er nedfelt i prinsippet om skuleplikt, med obligatorisk opplæring ikkje berre i fellesspråket/fellesspråka, men også i engelsk som framandspråk).

Kva så med morsmålet, dersom det er forskjellig frå fellesspråket/a og frå engelsk? Kan også retten til morsmål hentast ut frå det vi har sagt om retten til å vere ein autonom person i moderne demokratiske samfunn? Her talar vi om retten til statleg/offentleg støtte til morsmålsundervisning, eventuelt til andre ressurskrevjande bruksmåtar av morsmålet, og ikkje om den juridiske retten til å tale og skrive sitt eige morsmål. I si tid var det forbod mot bruk av samisk i norske skular, liksom det var forbod mot å tale bretonsk og å spytte på golvet i franske skular – men spørsmålet vårt gjeld ikkje denne juridiske retten til å bruke språket, men den politiske retten til statleg/offentleg støtte.

Det er ikkje innlysande at ein slik rett til morsmål følgjer av retten til autonomi i moderne demokratiske samfunn. Assimilerte jødar i det tyske språksamfunnet i mellomkrigstida fungerte svært godt som aktive og autonome personar, anten dei no tala jiddisch i privatlivet eller ikkje. Jiddisch representerte eit særeige kulturelt innslag og var i så måte eit viktig bidrag til det kulturelle mangfaldet og den kulturelle rikdommen i Tyskland og andre europeiske statar. Men det er ikkje innlysande at bruken av jiddisch, og spesielt ei skulebasert opplæring i jiddisch, skulle vere eit vilkår for at statsborgarar med jødisk kulturbakgrunn skulle kunne fungere som autonome personar i moderne demokratiske samfunn. Personar som Freud, Marx, Husserl, Einstein og Marcuse var opplagt autonome personar i tyskspråklege samfunn, men kjennskapen til og bruken av jiddisch har neppe spela ei avgjerande rolle i den samanhengen. (Så kan ein saktens påpeike at det tyske samfunn korkje var tilstrekkeleg moderne eller demokratisk den gong desse personane levde. Men på den andre sida var det nettopp personar som desse som arbeidde aktivt og effektivt for å fremje både kulturell og institusjonell modernisering av vestlege samfunn, Tyskland inklusive.)



Argumentasjonen for retten til morsmål (i form av statleg støtte) vil derfor vere av eit meir indirekte slag. Eg vil tru at det særleg er to typar argument som er viktige, nemleg pedagogiske og kulturelle.

Det *pedagogiske* argumentet går kort sagt ut på at opplæring i morsmålet er viktig for språkutviklinga, for begrepsutviklinga, og dermed også for opplæringa i fellesspråket (og dermed for danningprosessen av autonome personar i moderne demokratiske samfunn). Å framheve opplæring i fellesspråket på kostnad av opplæring i morsmålet er derfor eit kortsynt og uvitskapleg standpunkt, også med tanke på god og rask opplæring i fellesspråket og i dei allmenne ferdigheitene som trengst i samfunn av vår type.

Dette er eit seriøst argument. Men formulert som ei allmenn sanning, gyldig utan reservasjonar og avgrensingar, vekker det likevel motførestillingar. Eit eksempel kan klargjere motførestillingane: Lat oss tenkje oss eit dansk barn, med danskspråklege foreldre, som i ein alder av 3 månader flyttar til Oslo med foreldra. Foreldra held fram å bruke dansk heime, men foreldra blir raskt tospråklege og bruker norsk i jobb, og familien bur i eit norskspråkleg miljø. Barnets første språk er dansk, og det bruker dansk heime, og i så måte er dansk barnets morsmål. Men det ville vere oppsiktsvekkande om barnets begrepsutvikling skulle vere avhengig av at det på skulen blir undervist i dansk.

Eksemplet illustrerer at det er fleire faktorar som spelar inn, faktorar som er kontingente i den forstand dei kan endrast (og vil endre seg over tid), og graduelle i den forstand at det gjerne er tale om meir-eller-mindre. Éin faktor er barnets alder. Ein annan er den språklege avstand mellom morsmål og fellesspråk. Ein tredje faktor er dei språklege ressursane hos foreldre. Ein fjerde er språkmiljøet som barnet veks opp med, utover familien. Og i tillegg kjem individuelle variasjonar. Så vidt eg ser er det nettopp dette forskinga viser: Det er ulike faktorar som spelar inn, og det er under bestemte vilkår at morsmålsundervisning er viktig for språkutviklinga hos barnet. Det er ikkje tale om ei allmenn sanning, men om ei situasjonsavhengig sanning. Så vidt eg ser er forskingsresultata meir nyanserte enn det som kjem til uttrykk i dei forenkla formuleringane vi ofte møter i media og i offentlege dokument.

Dette betyr at det pedagogiske argumentet til fordel for morsmålsopplæring stadig er eit viktig argument, men då som eit situasjonsavhengig argument. Det betyr vidare at dei pedagogiske tiltaka må avpassast til varierende behov hos ulike grupper og ulike individ. I neste omgang betyr det dessutan at andre tiltak enn dei pedagogiske også er relevante for språkutviklinga. Det gjeld t.d. ein bustadpolitikk som motverkar ghettoisering, og tiltak som legg til rette for at alle foreldre i rimeleg grad kan lære fellesspråk-

ket og dei kodar og holdningar som er nødvendige for å kunne fungere som autonom person i moderne demokratiske samfunn.

Det *kulturelle* argumentet går kort sagt ut på at statleg støtte til opplæring i morsmålet er viktig fordi dette er eit gode både for dei *personane* det gjeld, ved at dei kan bli verande tospråklege og fleirkulturelle, og for det *samfunnet* dei lever i, ved at dei bidrar til det kulturelle mangfaldet i dette samfunnet. Dette argumentet har to ledd. Det første framhevar *verdien* av at ein person er tospråkleg og dermed tokulturell, og verdien av at eit samfunn har fleire språk og kulturelle tradisjonar blant innbyggjarane. Det andre framhevar at det er eit *statleg ansvar* å støtte dette (ved finansiering av språk-opplæring, men også ved andre støttetiltak, slik som støtte til aviser og andre kommunikasjonsformer, inklusive bokinnkjøp til offentlege boksamlingar etc.).

Det er klart ein verdi at ein person er to- eller fleirspråkleg og to- eller fleirkulturell. Det er her ein føresetnad at dette skjer frivillig og ikkje ved tvang. (Dersom andregenerasjons nordamerikanarar med norske foreldre, i eit overveldande engelskspråkleg miljø, vart tvinga til å lære norsk i skulen, anten av foreldra eller av staten, ville den kulturelle vinsten måtte avvegast mot tvangselementet i opplæringa, og også mot det som eleven kunne ha lært i staden for norsk språk.) Men generelt sett er det utan tvil ein verdi at ein person meistrar fleire språk og kjenner fleire kulturar.

Det er også ein verdi for eit samfunn at samfunnet rommar språkleg og kulturelt mangfald. Tilsvarande er det uheldig om eit samfunn blir bornert og sjølvtilfreds og insensitivt overfor kulturelle innspel med andre perspektiv på livet og mennesket. Men her er det likevel ein skilnad mellom ein person og eit samfunn. Med ei spissformulering kan vi seie at ein person kan meistre språk og kodar i ulike kulturar, og såleis bevege seg på tvers av kulturelle grenser. Liksom ein person kan skifte frå norsk til fransk og tilbake, kan ein person forstå og meistre både dei norske kodane for egalitære holdningar og moralistiske reaksjonar og dei franske kodane for hierarkiske holdningar og intellektualistiske reaksjonar. Men liksom det er vanskeleg å førestille seg eit samfunn der ein talar norsk og fransk samtidig, er det også vanskeleg å førestille seg eit samfunn der ein på same tid og overfor den same type fenomen har både egalitære og hierarkiske holdningar og både moralistiske og intellektualistiske reaksjonar. Begrepet om eit fleirkulturelt samfunn er derfor begrepsmessig meir problematisk enn begrepet om ein fleirkulturell person.

Det er særleg problematisk å tenkje seg eit samfunn som er fleirkulturelt i den forstand at det på same tid omfattar moderne og førmoderne holdningar og ordningar. For eksempel: Det er individet som må lese lekser og gå opp til eksamen, ikkje storfamili-

en. Og det er rettsvesenet som feller dommar og illegg straff, ikkje klanen. Dei institusjonelle differensieringane og dei danningssjessane som ligg til grunn for moderne demokratiske samfunn, går ofte dårleg i hop med førmoderne holdningar og livsformer. Det å tileigne seg desse sidene ved moderne samfunn er derfor eit vilkår for å kunne fungere som ein autonom person i slike samfunn, og dette set grenser for kva eit moderne fleirkulturelt samfunn kan omfatte av kulturelt mangfald.

I tillegg til desse meir faste føringane i moderne demokratiske samfunn har vi dei spesielle ordningane som gjeld for eit gitt moderne samfunn, men som kan endrast og eventuelt avskaffast, slik som eit universelt velferdssystem, som vi enno har i dei nordiske land, men som ein ikkje har i USA. Men også overfor slike kontingente ordningar i moderne samfunn finst det føringar, i den forstand at slike ordningar (i fall ein vil ha dei) forutset ein rimeleg grad av lojalitet og åtferdsmessig tilpassing frå innbyggarane si side, i alle fall frå dei aller fleste.

No er det visseleg slik at det rår ulike syn på kva som meir presist karakteriserer moderne samfunn. Vidare er det vel kjent at mange sider ved moderne samfunn er gjenstand for skarp kritikk. (Det er t.d. slett ikkje sikkert at moderne samfunn gjer folk lykkelegare, og det er slett ikkje gitt at det ikkje skjer kulturelle tap ved overgangen frå eit tradisjonelt til eit posttradisjonelt samfunn.) Slike innvendingar og motførestillingar må vi derfor ta på alvor. Men dette motseier likevel ikkje det allmenne poenget om at moderne demokratiske samfunn ikkje går saman med alle tenkjelege kulturelle verdiar og samfunnsmessige ordningar.

Gitt no at meistring av morsmålet og av dei kulturelle kodane som er knytte til det, med rette kan seiast å vere ein verdi, både for dei individ og grupper det gjeld, og for det samfunn dei lever i. Følgjer det så av dette at det derfor er eit statleg (offentleg) ansvar å støtte morsmålsundervisning og andre tiltak som gjeld bruken av språket i det aktuelle samfunnet? Ut frå ein bestemt velferdsstatleg tankegang gir det meining å seie at det offentlege, i siste instans staten, er forplikta til å støtte verdifulle kulturtiltak, og at det i så måte er ein rett å få slik støtte. Men denne tankegangen er ikkje ukontroversiell i moderne demokratiske samfunn. Somme vil hevde at ansvaret for morsmålsopplæring kviler på dei autonome personane som bruker språket, ikkje på staten. Staten sikrar den juridiske rett til å bruke morsmålet for dei som vil, men staten bør ikkje gripe inn i ansvarsområdet for autonome personar ved å ta over det ansvaret som naturleg høyrer personane til. Noko slikt ville tvert om vere ein problematisk intervensjon, fordi det vil kunne bidra til å passivisere dei personane det gjeld, og dermed i siste instans bidra til å undergrave deira status som autonome personar med ansvar for eiga livsform.

Det er sjølvsagt mykje meir å seie om denne argumentasjonen, men poenget her er berre å minne om at det må spesielle normative premissar til for å kunne slutte frå spørsmålet om kulturell verdi til spørsmålet om statleg støtte. Og desse premissane inneber at grunngivinga for retten til morsmål ikkje er identisk med grunngivinga for retten til fellesspråk. I den forstand er det ein skilnad på retten til morsmål og retten til fellesspråk.

Mot dette kan ein framheve at alle språk er likeverdige. Og fordi alle språk er likeverdige, bør dei få same rettsvern, også når det gjeld retten til statleg støtte. Dette argumentet er besnærande fordi det appellerer til eit universelt prinsipp. Likt skal behandlast likt. Men det er likevel ikkje innlysende. Lat oss ta eit steg attende og sjå på følgjande eksempel frå medisinsk etikk: Ein 65-åring og ein 15-åring er utsette for same ulykke og har fått dei same livstrugande skadane, slik at begge treng ei bestemt medisinsk behandling, men på det aktuelle sjukehuset er det berre kapasitet for éin person, ikkje for to, når det gjeld denne behandlinga. Dei fleste vil vel meine at 15-åringen bør prioriterast, ikkje fordi ein meiner at dei to har forskjellig menneskeverd – tvert om, dei fleste vil vel meine at dei to i så måte er likeverdige – men livets gang er no slik at det i dette tilfellet ville vere rimeleg at 65-åringen måtte vike plassen. Dei to personane er som menneske likeverdige, men behandlinga bør vere forskjellig. Overført på språkpolitikken: Det at alle språk er likeverdige, inneber ikkje utan vidare at alle språk har rett til same statlege støtte. Når det gjeld fordeling av knappe ressursar, bør vi tvert om vurdere dei ulike tilfella ut frå den aktuelle situasjonen.

Vi kan kort antyde den type resonnement som då melder seg: Samisk er eit truga mindretalsspråk som dessutan blir tala av ei urbefolkning, som tidlegare vart diskriminert, og som i dag neppe har andre støttespelarar enn dei aktuelle statane. Spansk og vietnamesisk blir også tala av minoritetar i dei nordiske landa, men desse språka er ikkje truga, dei er ikkje avhengige av støtte frå nordiske statar for å overleve, dei er ikkje språk for ei urbefolkning, og dei har andre statar og språksamfunn i ryggen. Derfor ville det, også ut frå ein velferdsstatleg tankegang, vere rimeleg at statsstøtte til samisk har forrang framfor statsstøtte til spansk eller vietnamesisk. (Vi resonnerer no ut frå kulturargumentet, ikkje ut frå det pedagogiske argumentet, som vi har drøfta tidlegare.) Tilsvarande vil gjelde urdu og kinesisk. Og her kan det vidare tilføyast at i internasjonal samanheng er det dei nordiske språka som er minoritetsspråk og som står under press, mens språk som spansk, urdu og kinesisk i kraft av folketal og demografisk utvikling har ei heilt anna stilling.

Vi har her ført ein argumentasjon ut frå allmenne prinsipp. Ein slik argumentasjon får gjerne eit kjølig drag. Men i omgang med andre personar, uansett kulturell bakgrunn, bør vi alle vise både respekt og interesse og også varme når situasjonen tilseier det. Og mange vil då erfare at dei kan ha større glede og utbyte av å samhandle med såkalla fjernkulturelle enn med mange blant eins tradisjonelle landsmenn (og -kvinner). Men rettsbegrepet er no eingong eit prinsipielt begrep, og i utgangspunktet bør det derfor behandlast prinsipielt. Så er det visseleg slik at vi bør kjenne til og anerkjenne dei som kjem frå andre kulturar, førmoderne eller moderne. Men anerkjenning treng ikkje ta form av statlege overføringar. Vennskap krev ikkje betaling. Heller ikkje er det slik at anerkjenning og vennskap skulle innebere at vi bør vegre oss for å setje ord på dei vanskelege og kritiske faktorane både hos oss sjølve og hos dei andre. Open og ærleg dialog er nettopp eit kjennemerke ved eit godt mellommenneskeleg forhold.

Vi konkluderer: Når ein går det normative grunnlaget etter i saumane, er det vanskeleg å sjå at retten til morsmål har same status som retten til fellesspråk (og for så vidt også retten til engelsk som internasjonalt fellesspråk). Og når det gjeld det kulturelle argumentet til fordel for retten til statleg støtte for opplæring i og bruk av morsmål, vil situasjonen variere frå språk til språk, t.d. avhengig av om det aktuelle språket er truga eller ikkje, avhengig av om det har sterke statar og store språkfellesskap utanfor Norden eller ikkje, avhengig av om det er språket til ei urbefolkning på nordisk grunn eller ikkje, og avhengig av om nordiske statar er ansvarleg for tidlegare diskriminering eller ikkje. Det vil også måtte vurderast om statleg tradering av innvandrarspråk med forankring i førmoderne kulturar kan bidra til å festne dysfunksjonelle førmoderne holdningar og livsformer, til mein for utviklinga av autonomi i moderne demokratiske samfunn. Dette poenget er delikat fordi det kan intervenere med det pedagogiske argumentet til fordel for morsmålsundervisning, i den forstand at det pedagogiske argumentet ikkje berre må avstemmast etter den konkrete situasjonen (slik vi nemnde under omtalen av det pedagogiske argumentet), men også avstemmast i forhold til risikoen for ei sementering av førmoderne parallellsamfunn innanfor eit moderne demokratiske samfunn. Slike førmoderne parallellsamfunn er til mein for den personlege autonomien for dei det gjeld, samtidig som slike parallellsamfunn, særleg dersom dei samtidig omfattar sosiale, etniske og religiøst-kulturelle faktorar, etter kvart vil kunne føre til uheldige spenningar og konflikhtar. – I kortversjon er derfor konklusjonen den at om det kan argumenterast greitt for retten til fellesspråk, medrekna felles internasjonalt språk, er argumentasjonen for retten til statleg/offentleg støtte for morsmål meir tvitydig og mangesidig. Det gir derfor dårleg mening å tale om same rett til statleg/offentleg støtte i alle desse forskjellige tilfella. Ein fornuftig språkpolitikk bør derfor kunne skilje mellom dei klare rettane til fellesspråk, rettane til truga nordiske minoritetsspråk og den meir differensierte og mangetydige rettsproblematikken når det gjeld innvandrarspråk.

## Merknader til den nordiske situasjonen

Dei nordiske nasjonalspråka liksom dei tradisjonelle nordiske minoritetsspråka er nedfelte i ein moderne politisk kultur. Samtidig er det slik at dei nordiske landa, kvart på sitt vis, har gjennomgått særleine moderniseringsprosessar, noko som er nedfelt i holdningar og institusjonar, og som det er viktig å kjenne til for å skjønne den nordiske varianten av kulturell og politisk modernitet, for eksempel det faktum at dei nordiske landa har hatt ein rimeleg grad av konsensus om allmenne velferdsordningar, samtidig som ein har hatt ein rimeleg grad av kulturell toleranse.

Eg avgrensar meg til kort å minne om korleis den stridige dialektikken mellom ein luthersk embetsstand og folkelege rørsler førte fram til ein inkluderande parlamentarisme med ein rimeleg grad av gjensidig tillit og solidaritet. Moderniseringsprosessane i Norden skil seg i så måte både frå dei kontinentale (tyske eller franske) og dei anglosaksiske (britiske eller amerikanske), og det er her både tale om kollektive læringsprosessar og om organiseringsformer og institusjonsbygging. Dette er forhold som det i Norden ikkje så ofte blir tala om, men som det ofte blir tala *ut ifrå* – for å uttrykke det slik. Men nettopp derfor er det viktig å klargjere desse spesielle sidene ved den politiske og kulturelle moderniseringa i Norden for dei som kjem frå andre land som er forma av andre læringsprosessar og institusjonar. Det er viktig å klargjere dette for at dei som er nye i landet skal skjønne "kor dei er" og kva som skjer rundt dei.

Dei faktorane vi her talar om, blir stadig påverka av nye utfordringar. Dei kan endrast og kritiserast, og for å bestå må dei tileignast av nye generasjonar. Og i dette samspelet er det god grunn til å lære dei tileignast av andre og vere kritisk til sitt eige. Men når det er sagt, bør det også tilføyast at eit lands historie er ein tung materie. Dei historiske dannelsingsprosessane sit ofte djupt. Dette er det viktig å ha med i møte med andre, men det er også viktig å ha dette in mente når ein opnar seg for å lære av andre. Ein kinesisk innvandrar ber t.d. på erfaringane frå kulturrevolusjonen og elles frå ein uvanleg lang tradisjon. Ein innvandrar frå Bangladesh ber t.d. på erfaringar frå eit korrupt samfunn, og folk frå Balkan ber m.a. på lange tradisjonar av gjensidig hat. Ein tyrkisk innvandrar kjem frå ein tradisjon med vegring mot å ta opp skuldspørsmålet overfor armenarane og andre minoritetar, og ein tysk innvandrar har *die Schuldfrage* frå siste krig. Overfor tilfredse og godvillige nordbuar kan dei alle ha noko å lære bort. Men samtidig er det slik at dei erfaringane som ikkje er nedfelte i ei felles historie i den staten der ein no bur, er tyngre å innarbeide som felles erfaringar i denne staten. Å erfare andres erfaringar er ikkje det same som å erfare sjølv. Dessutan er tilbodet av alternative erfaringar stort og sprikande: Erfaringar frå Kina, Bangladesh og Tyskland peikar i ulik lei. Også av denne grunn er det meir problematisk å innarbeide erfaringane frå dei mange andre.

Så kan ein vise til at Norden ikkje lenger er det det var, og at det er mangt å kritisere. Likevel vil eg meine at det er trekk ved moderniseringsprosessane i dei nordiske land som både er interessante og verneverdige. Slik eg ser det, er dette grunn god nok for å forsvare dei tradisjonelle nordiske språk og den moderne politiske kultur som dei inngår i. Eit slikt vennskapleg forsvar inneber primært ei indre styrking (*det utad tabte, skal indad vindes*). Språkleg kjem presset i dag frå engelsk, og dermed kjem også dei sterkaste kulturelle impulsane frå den kanten.

Om dette er situasjonen, kva bør gjerast? Når det gjeld tiltak for styrking av dei tradisjonelle nordiske språka, store som små, har eg i utgangspunktet stor sympati for dei framlegga som ligg føre i dei forskjellige rapportane og innstillingane, og for dei tankane om dette som innleiarane har presentert på denne konferansen. Mitt bidrag går her primært på den normative og samfunnsmessige grunngevinga. Men ved ei slik skjerpning av den normative argumentasjonen framtrer prioriteringane noko annleis i mitt perspektiv enn i fleire av innlegga, for eksempel når det gjeld forholdet mellom tradisjonelle nordiske språk og innvandrarspråk.

Til framlegga: Vi har alle eit medansvar for å ta del i meiningsutvekslinga i det sivile samfunn. Gjennom overtydande argumentasjon kan vi slik endre holdningar, både hos oss sjølve og hos andre. Men dei tiltak som vi her fokuserer på, er tiltak som blir fatta i politiske organ og effektuerte via politiske institusjonar. Det er tale om styrking av språkopplæringa i eit offentleg skuleverk og ei tilsvarende styrking av lærarutdanninga. Det er tale om tiltak for skjønnlitteratur og for sikring av fagspråket gjennom undervisning på alle nivå. Og det er tale om tiltak overfor offentlege media og forvaltningsorgan etc. Om eg skulle ha noko å tilføye, måtte det vere at ein uttrykte seg meir offensivt og profilert, både med tanke på interne tiltak og med tanke på forsvaret mot ein einseitig påverknad frå den engelskspråklege kulturindustrien (jf. vedtaket i UNESCO i oktober 2005 mot deregulert globalisering av kulturuttrykk).

Ei meir offensiv og profilert tilråding burde etter mitt skjønn mellom anna innebære at ein endå klarare framheva den strategiske verdien av å styrke det skandinaviske språkfelleskapet, mellom dansk, svensk og norsk. Her er det ikkje berre tale om defensive tiltak overfor faren for vitale domenetap overfor engelsken (slik som innanfor forskning og høgare utdanning), men også om å konsolidere den gjensidige forståinga mellom desse kjernespråka. Dette er, som vi veit, særleg viktig overfor den oppveksande slekt og ikkje minst overfor innvandrardom.

Ein særleg strategi for styrking av dei skandinaviske kjernespråka er ikkje retta mot

andre nordiske språk. Tvert om kan det vere grunn til å hevde at dei andre nordiske språka, frå finsk og samisk til færøysk, islandsk og inuitisk, vil nytte godt av eit sterkt og konsolidert skandinavisk språkfelleskap. Spissformulert kan det seiast slik: Dersom det skandinaviske språkområdet ein dag skulle forsvinne og engelsken ta over, vil truleg også den nordiske samkjensla forvitre. Sagt i klartekst: Dersom svenskar og nordmenn yrtrar seg på engelsk, kvifor kan ikkje også samane gjere det? Slik sett vil eg meine at ei klarare fokusering på det skandinaviske kjerneområdet eigentleg er i alles interesse.

På denne bakgrunnen vil eg meine at det er på sin plass med klarare og meir vidtgående framlegg overfor dei politiske organ i dei tre skandinaviske statane. Det gjeld i første rekke språkopplæringa i skuleverket, der kravet bør vere obligatorisk opplæring i skandinaviske grannespråk, med eit rimeleg stort pensum og eit rimeleg høgt timetal. Fordi språk og historie heng saman, bør denne språklege opplæringa gå hand i hand med opplæring i historie, komparativ språkhistorie og dialektlære (der samanlikningar med færøysk og islandsk kan vere på sin plass, i alle fall i norsk samanheng). Dette fordrar ei styrking av lærarutdanninga på tilsvarende måte. Og dette igjen forutset ein rimeleg forskarkompetanse i universitets- og høgskulesektoren. På dette nivå bør ikkje berre språkleg forskning bli tilgodesett, inklusive språkhistorisk forskning, men også forskning på forholdet mellom språk og samfunn, t.d. på symbolsk makt, samtidig som det vil vere relevant å fremje komparativ forskning med utgangspunkt i spørsmålet om særigne nordiske moderniseringsprosessar.

Det bør også drøftast om det ikkje er på tide med ein meir offensiv og planmessig strategi overfor dei statlege massemedia. Det gjeld produksjon og utveksling av program på skandinaviske språk. Men det gjeld også spørsmålet om teknisk tilrettelegging av dei statsdrivne radio- og fjernsynskanalane slik at dei blir tilgjengelege for alle innbyggjarane i det skandinavisk-språklege området. Ingen kan tvingast til å høyre på bestemte radiosendingar eller å sjå bestemte fjernsynsprogram, men det bør vere eit klart krav at dei skandinaviske statane arbeider offensivt og planmessig i retning av ei ordning der alle skandinaviskspråklege offentlege kanalar er tilgjengelege for alle som bur i desse landa.

Når desse endringane er på plass innanfor undervisning, forskning og formidling, er det tid for nye tiltak: På sikt bør teksting, dubbing og omsetjing byggast ned mellom dei skandinaviske språka. For eksempel bør ein på norsk side slutte å omsetje diktarar som Ibsen, Bjørnson og Kielland, som jo skreiv ein type dansk, publisert i Danmark for eit dansk-norsk publikum.



Konklusjon: Det trengst ein klarare og meir forplikande strategi til fordel for dei skandinaviske kjernespråka.

## **Merknader til den norske situasjonen**

Det spesielle ved den norske situasjonen er eksistensen av to offisielle norske skriftspråk med ulikt styrkeforhold og eit mangfald av dialektar som avspeglar regionale variasjonar, samt ei revitalisering av samisk. Utover dette er dei aktuelle utfordringane frå engelsk og frå ein globalisert kapitalisme dei same som elles i Norden, og mottiltaka like så.

I så måte har eg lite å føye til i forhold det som no er lagt fram frå norsk side i ei svært god innstilling.

Her skal eg avgrense meg til kort kommentere fire problemstillingar, med utgangspunkt i den norske tospråksituasjonen.

(i) Den norske tospråksituasjonen frå 1814 og fram til i dag representerer eit unikt materiale for å studere dialektikken mellom sosiokulturell dominans og opplæring i toleranse. Språk og symbolsk makt er dessutan stadig eit aktuelt fenomen. (Mens det er kongeleg korrekt å be om "sju glas vatn" aust for Magnor, er det stadig dei som meiner at dette er folkeleg ufint når det same blir uttala litt lengre vest.) Mens norsk samfunnsvitskap har lagt ned eit stort forskingsarbeid på implisitt makt og diskriminering av ymse slag, er det påfallande kor lite som er gjort når det gjeld det unike norske materiale om dei språklege spenningane (mellom symbolsk utdefinering av "det andre" og gjenstridig opplæring i å anerkjenne "det andre"). Derfor er det grunn til å fremje forslag om forskning på denne tematikken i eit tverrfagleg samarbeid mellom teoretisk oppdaterte språkvitarar, samfunnsvitarar og historikarar.

(ii) Med ny teknologi er det nærliggande for språkforskarar å ta for seg utvalde tekstkorpus. I slike tekstutval kan ein m.a. registrere den faktiske bruk i skrift av bestemte ord og uttrykk, "usus". Men når det norske språkrådet går fram på denne måten og legg resultatet fram som alternativ for normering, er det for det første å seie at dette nettopp er ei normering, men ei fordekt normering. Og dessutan ei suspekt normering: for som kjent kan ein ikkje slutte frå "er" til "bør", (det som blir kalla det naturalistiske mistaket). Men ikkje berre blir normering og dermed det politiske ansvaret nøytralisert på eit uheldbart grunnlag, dette skjer til overmål i form av eit radikalt brott når det gjeld grunnlaget for norsk hevdvunnen språknormering. Det har vori norsk talemål, og ikkje "usus" i utvalde skrifter, som har utgjort utgangspunkt for normering av norsk språk.

(Skulle vi frå 1814 ha tatt utgangspunkt i skriftleg nedfelt språkbruk, i "usus", ville vel språket stadig ha sett ut som i den norske Grundlov.) Og endeleg er det grunn til å spørje om språkbruken i dei utvalde tekstane kan vere prega av holdningar eller vedtak som uttrykker diskriminerande holdningar. – Kort sagt, det er god grunn til å oppmode Språkrådet om å legge denne praksisen til side, og i staden halde fast ved ei open og opplyst normering, der talemålet får komme til orde.

(iii) Den deregulerande globaliseringa har ført i retning av ei marknadsutsetjing for fleire statlege verksemdar, slik som posten, televerket, jernbanen, helsevesenet, skuleverket og høgare utdanning og forskning. I norsk kontekst betyr dette at jamstillingsvedtaket står i fare for å bli utvatna. Det er derfor viktig, i tråd med innstillinga frå norsk hald, å sikre seg at mållova også blir praktisert i desse verksemdene der staten enno har det overordna ansvaret, eventuelt styringsevne i kraft av ein dominerande eigarandel. I forlenging av dette bør det også innskjerpast at offentlege rom er offentlege, og at jamstillingsvedtaket derfor må gjelde ved skilting i offentlege rom, slik som vegar, jernbane, flyplassar, hamner, offentlege helseføretak og statlege bygningar, frå regjeringsbygg til forsvarsanlegg.

(iv) I dag har barn med foreldre med eit ikkje-norsk morsmål rett til fritak frå sidemålsundervisning. Dette inneber at ein tar frå desse barna sjansen til å få ein fullverdig tilgang til heile den nasjonale kulturen i det landet der dei no bur. Derfor er dette i utgangspunktet eit problematisk vedtak. Vedtaket verkar dessutan diskriminerande ved søking på offentlege stillingar der det blir kravt kjennskap til begge målformer. Ordninga bør derfor avskaffast. Men ei innføring av eit krav om to framandspråk i skulen – eitt framandspråk i tillegg til engelsk – ville desse barna kunne få utteljing for morsmålet på denne måten, som eit andre framandspråk. Ved innføring av to framandspråk ville det derfor vere endå ein grunn for å avskaffe den uheldige fritaksordninga for sidemålet.

## **Forslag til ein offensiv nordisk språkpolitikk**

Engelsk er det internasjonale språket. Verdien av god opplæring i engelsk er heva over tvil. Men utfordringa frå engelsk som vår tids *lingua franca* ligg ikkje berre i faren for domenetap for dei nordiske språka. Eit språk er ikkje berre eit nøytralt hylster for informasjonsformidling. Eit språk hyser kulturelle kodar og gir gjennom litteratur og personlege møte ein sær eigen tilgang til historisk formidla erfaringar og livsoppfatningar. Derfor er engelskens sterke stilling også ei allmennkulturell utfordring i den forstand av dei kulturelle påverknadene blir ein-sidedige og overveldande. For å sikre seg eit puste-

rom så vi sjølve kan komme til orde, ville det derfor vere nyttig med alternative påverkningar som i nokon grad kunne motverke dei dominerande engelskspråklege og engelskkulturelle impulsane. Ei nordisk konsolidering er viktig i denne samanhengen, det same gjeld viktige impulsar frå andre språk og kulturar. Men med globaliseringa og med svekkinga av den obligatoriske opplæringa av andre framandspråk har engelsken fått ein heilt dominerande posisjon, særleg overfor små og opne språksamfunn, som dei nordiske.

På denne bakgrunnen vil eg lufter ein idé for ein meir offensiv nordisk språkpolitikk overfor EU. Utgangspunktet er dette: Då franskmennene fann ut at fransken aleine ikkje kan stå imot presset frå engelsk, vart franskmennene tilhengjarar av ein tospråkspolitikk med tanke på framandspråk – i praksis engelsk og eit språk til. Men somme franskmenn gjekk vidare. Idet dei viste til den gjensidige språkforståinga mellom skandinavar, der kvar og ein kan skrive og tale sitt språk og bli forstått av dei andre, vart det lansert ein tilsvarande idé for dei romanske språka i EU: Ikkje berre italiendarar og spanjolar, men også franskmenn og portugisarar burde ha passiv forståing av dei andre romanske språka, slik at kvar og ein kunne tale og skrive sitt eige språk og likevel bli forstått av dei andre. Og så er spørsmålet: Enn om vi var dristige nok til å ta ideen tilbake og lansere ideen for det nordvestre hjørnet av Europa! For var det ikkje slik det var den gong, på bryggene i Bergen eller i gruvene på Røros, at kvar og ein tala sitt språk og vart forstått av dei andre? Skandinavar, nederendarar, nordtyskarar og andre tysktalande.

Sjølvsagt, engelskens stilling står fast. Men kunne vi i tillegg legge om framandspråkutdanninga slik at vi prioriterte tysken, ikkje primært med sikte på tale- og skriveferdigheter, men nettopp med tanke på passiv forståing av det talte og skrivne ord. Sjølvsagt er det også viktig med kjennskap til andre språk, store og små, frå fransk og spansk til finsk og islandsk. Men likevel er det eit par slående argument til fordel for ei slik fast, men forsiktig prioritering av reseptive tyskkunnskapar:

For det første har vi i Skandinavia eit klart konkurransefortrinn når det gjeld tysken. Mens kollegaer frå USA og Asia slit med både uttale og ordtilfang, har vi i Norden langt på veg ein *flying start* på begge felt. Heller ikkje grammatikken er heilt framand, og dessutan går det rimeleg bra om ikkje alt er korrekt. Og dessutan er grammatikken ikkje så viktig når målsetjinga er å forstå, ikkje å tale eller skrive.

For det andre har vi i Norden eit historisk forhold til tysk språk og kultur som vi i eigeninteresse ikkje bør neglisjere. Tysk var jo lenge eit viktig språk i alle dei nordiske land. Og forholdet til Tyskland var nært. Det galdt handel og vandel, men også universitet,

med luthersk teologi som statsreligion. Og tysken var språket i den internasjonale arbeidarrørsla. Og kor har nordisk kunst og kultur tatt vegen for å komme ut i den store verda? Ikkje i England. Ikkje i USA. Men i Tyskland – frå J.C. Dahl over Ibsen og Hamsun, for å nemne nokre norske namn.

Tragediane under Hitler-styret bør ikkje overskygge dette lange og gode samarbeidet. Av opplyst eigeninteresse kunne det derfor vere interessant å drøfte denne ideen om ei relativ prioritering av tysk språk med tanke på gjensidig forståing, i det minste for ein viss prosentdel av folket. Ideen måtte då drøftast med nederlandske og tyske instansar med sikte på eit utvida språkleg fellesskap. Slik kunne vi bidra til å motverke noko av den einsidige engelskspråklege kulturpåverknaden og trekke på kulturelle tradisjonar i hjartet av Europa, der vi sjølve har djupe røter.

Det blir sagt at vår felles Ludvig Holberg lærte tysk på gata i fødebyen Bergen, i eit dobbeltmonarki der bortimot ein tredjepart var tyskspråklege. Og etter vandringar rundt om i Europa tidleg på 1700-talet hadde han dette å seie om sine tyskspråklege medborgarar:

”Om Tyskerne kan man sige at de hører til de Folkeslag som ikke gaar til Yderligheder. De gaar aldrig over Stregen, undtagen maaske med Mad og Drikke. De gaar sjældent bort fra den slagne Landevej, gaar med langsomme Skridt mod deres Maal, men naar til sidst frem til det. De har mange gode Egenskaber, men ikke Heltemod. De er tapre, men render ikke af sig selv Døden i Møde som Englænderne” (frå *Levnedsbreve* s. 57, Kragelund, Gad forlag, København, 1965).

Kunne det ikkje vere eit forsøk verdt?

## Summary

*This article starts out by raising a few questions about democracy and rights, especially language rights, as well as about the conditions for being an autonomous person in a modern democratic society (1). Against this background, consideration is given to questions of language policy, namely the right to master a language for democratic communication (here, a national language), a right to master an international language (in casu, English), and a right to master one's mother tongue, as traditional minority language or as language of an immigrant group (2). A few general remarks regarding the Nordic situation are provided (3), followed by remarks relating to the Norwegian situation (4). The article concludes by presenting a proposal for constructive language politics in relation to the EU (5).*